

Arkivkode:

Saksnr.: 2014/2693 - MALRØ

Fakultetsstyresak: 1


Møte: 5. februar 2015

Rekneskap for 2014.

1 Hovudtal

Fakultetet hadde inntekter på totalt 935 millioner kroner i 2014. Figur 1 viser korleis inntektene fordelte seg mellom dei ulike finansieringskjeldene. 61,9 % av inntektene kom frå grunnbevilgninga, medan 38,1 % var bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (23,1 % Noregs forskingsråd, 11,1 % annan bidragsaktivitet, 3,3 % EU og 0,6 % oppdragsaktivitet).

Figur 1 Inntekter ved MN-fakultetet i 2014, fordelt etter finansieringskilde, motpart 00



2 Grunnbevilgning (GB)

Grunnbevilgninga er den aktiviteten som er finansiert av departementet sitt statstilskot, òg kalla statsoppdraget. Grunnbevilgninga er delt i annuumsmidlar som kan disponerast fritt og midlar til øyremerka tiltak som er tildelt spesielle føremål (t.d. universitetsstipendiatar og utstyr). I tillegg vert inntekter som ikkje gjeld bidrags- og oppdragsforskning (som leigeinntekter, refusjonar og liknande) ført her.

Grunnbevilgninga vert i denne rapporten delt i motpart 00 og motpart 81, og synleggjort i to tabellar;

- På motpart 00 vert dei ordinære driftsinntektene og driftskostnadane til fakultetet rekneskapsført.
- På motpart 81 vert avskrivningane ved fakultetet rekneskapsført. Her kan vi følgje med på om fakultetet investerer tilstrekkeleg til å oppretthalde verdien av fakultetet sin utstyrspark. Dersom avskrivningane er høgare enn investeringane kan det vere nødvendig å setje i verk tiltak for å oppretthalde verdien på utstyrsparken. Føringane på motpart 81 får ikkje realøkonomiske konsekvensar, dvs. dei påverkar ikkje fakultetet sitt driftsresultat.

Tabell 1 Grunnbevilgning, motpart 00

Grunnbevilgning	Prognose 2014	Årsbudsjett 2014	Rekneskap 2014	Avvik 2014	Avvik %	Rekneskap 2013	Endring 2013
Inntekter frå KD		-560 908 981	-560 908 981	0	0,0 %	-558 340 997	0,5 %
Andre inntekter		-14 000 000	-17 774 293	3 774 293	27,0 %	-16 048 371	10,8 %
Inntekter		-574 908 981	-578 683 274	3 774 293	0,7 %	-574 389 369	0,7 %
Investeringar		18 134 700	13 047 909	5 086 791	-28,1 %	12 731 681	2,5 %
Lønskostnader		437 028 800	443 266 233	-6 237 433	1,4 %	419 295 163	5,7 %
Andre driftskostnader		122 077 875	98 580 993	23 496 882	-19,2 %	94 359 777	4,5 %
Internhandel med meir		30 841 700	36 088 277	-5 246 577	17,0 %	41 494 746	-13,0 %
Kostnader		608 083 075	590 983 411	17 099 664	-2,8 %	567 881 366	4,1 %
Driftsresultat		33 174 094	12 300 137	20 873 957		-6 508 003	
Saldo overført frå forrige år		-28 174 094	-28 174 094	0		-21 749 130	
Saldo overført til neste periode	10 000 000	-5 000 000	15 873 957	-20 873 957		28 257 133	
Sum total		0	0	0		0	

Detaljar rundt grunnbevilgninga, motpart 00**Inntektsavvik: kr 3 774 293 (0,7 %)**

På andre instituttinntekter er det eit positivt inntektsavvik på ca. 3,8 millionar kroner som all hovudsak skuldast at Institutt for biologi i mai fekk ca. 3,1 millionar kroner i lisensinntekter frå Bergen teknologioverføring (BTO), som det ikkje var tatt høgde for i budsjettet.

I høve til 2013 har det i 2014 vore ein svak auke i inntektene på grunnbevilgninga (0,7 %).

Kostnadsavvik: kr 17 099 664 (-2,8 %)

På investeringar/varekostnad er det eit positivt avvik på 5 millionar kroner som mykje skuldast forseinkingar på utstyrsprosjektet 720009. Størst er avviket ved Molekylærbiologisk institutt der innkjøp av LCMS-utstyr vart forseinka, men det er forseinkingar ved samtlege institutt.

Andre driftskostnader har i 2014 vore ca. 23,5 millionar kroner lågare enn budsjettert, noko som utgjer eit positivt avvik på 19,2 %. Avviket skuldast i stor grad budsjetteringa på prosjekt 700910 for eigenfinansiering på BOA-prosjekt, der det til saman er budsjettert med nesten 16 millionar i andre driftskostnader, medan belastninga i rekneskapen normalt kjem på internartar. Samla kostnader på prosjektet har likevel vore ca. 11,3 millionar kroner lågare enn budsjettert og hovudsakeleg skuldast det forseinkingar ved Institutt for informatikk og Institutt for fysikk og teknologi. Ved begge institutta er det forseinkingar i bruk av ERC-støtte, og ved Institutt for informatikk er det vidare forseinkingar knytt til tungrekneressursen og Elixir.no.

Avviket i andre driftskostnader skuldast vidare tydelege positive avvik ved SFF Senter for geobiologi og Senter for klimadynamikk (SKD). I begge tilfella er det tydelege negative avvik på internartar, og samla kostnadsavvik er relativt lite. Ved CBU er det derimot tydeleg positivt avvik både i andre driftskostnader og for samla kostnader, pga. forseinka aktivitet.

Kostnadene ved SKD vært flytta til fakultet 19 per tertial, men sidan kostnadene vert flytta som ein samla sum på internartar gjev det likevel utslag i avvik per artsklasse ved fakultetet.

På løn og internhandel er det negative avvik på hhv. ca. 6,2 og 5,2 millionar kroner. Det negative avviket i lønnskostnader er fordelt på fleire institutt, og det er hovudsakeleg høgare lønskostnader knytt til midlertidige stillingar som er grunnen til avviket. Det negative avviket på internhandel finn vi delvis på eigenfinansiering BOA, der delar av kostnadane er

budsjettert på andre driftskostnader, som forklart over. Vidare har det vore høgare interne kostnader enn budsjettert på stipendiat- og postdoktorprosjektet ved fleire institutt.

I høve til 2013 er dei totale kostnadane auka med 4,1 %, medan lønskostnadane har auka med 5,7 %. Lønskostnadane utgjorde i 2014 75,0 % av fakultetet sine totale kostnader. Dette er ein svak auke frå 73,8 % i 2013.

Kostnadene har i 2014 vore 12,3 millionar kroner høgare enn inntektene.

2.1 Avskrivningar og investeringar (motpart 81)

Avskrivningane er det rekneskapsmessige verdifallet på UiB sine eigedelar. Over tid bør UiB som eit minimum oppretthalde verdien på utstyrsparken.

Tabell 2 Avskrivningar og investeringar, motpart 81

Grunnbevilgning, motpart 81	Årsbudsjett 2014	Rekneskap 2014	Avvik 2014	Avvik %	Rekneskap 2013	Endring frå 2013
Inntekt satt av for årets investeringar	28 332 000	50 680 010	-22 348 010	-78,9 %	15 696 885	222,9 %
Inntekt for årets avskrivningar	-36 332 000	-38 284 956	1 952 956	-5,4 %	-39 399 869	-2,8 %
Inntekter motpart 81	-8 000 000	12 395 054	-20 395 054	254,9 %	-23 702 984	-152,3 %
Investeringar, varekostnader	-16 209 600	-13 047 909	-3 161 691	19,5 %	-12 731 681	2,5 %
Avskrivningar	36 332 000	38 284 956	-1 952 956	-5,4 %	39 399 869	-2,8 %
Investeringar ved BOA, overført til GB	-12 122 400	-37 632 101	25 509 701	-210,4 %	-2 965 204	1169,1 %
Kostnader motpart 81	8 000 000	-12 395 054	20 395 054	254,9 %	23 702 984	-152,3 %
Resultat	0	0	0		0	

Føringar på motpart 81 viser fakultetet sine totale investeringar og avskrivningar. For at fakultetet skal kunne oppretthalde verdien på utstyrsparken må investeringane vere på same nivå som, eller høgare enn, avskrivningane.


I tabell 2 ser ein at investeringane i 2014 har vore på ca. 50,7 millionar kroner. Av desse er 13 millionar kroner investeringar ved grunnbevilgninga, medan 37,6 millionar er investeringar ved BOA. Ved BOA er dei høge investeringane hovudsakeleg knytt til innkjøp av nasjonal infrastruktur ved Institutt for geovitenskap, men òg investeringar ved Geofysisk institutt.

Avskrivningane har i 2014 vore ca. 38,3 millionar kroner. Sett saman med investeringane på 50,7 millionar kroner vil dette seie at utstyrsparken ved fakultetet har auka med ca. 12,4 millionar kroner i 2014.

3 Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)


I tillegg til inntekter frå grunnbevilgninga utgjer inntekter frå eksterne bidrags- og oppdragsytarar ein viktig del av fakultetet si samla omsetning. Denne verksemda er delt i aktivitetar finansiert av Noregs forskingsråd, EU, andre og oppdrag.

Figur 2 BOA etter finansieringskjelde for perioden 2009-2014



Figur 2 viser utviklinga i bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet for perioden 2009-2014. Som figuren viser var aktiviteten i 2013 tydeleg redusert i forhold til føregåande år. I 2014 er aktiviteten samla sett auka til tilsvarende nivå som i 2012. Aktivitet finansiert av EU og NFR har alle vore høgare enn i fjor, medan annan bidragsaktivitet og oppdragsaktivitet er noko redusert. Samanlikna med 2012 har EU finansiert aktivitet auka, medan NFR finansiert aktivitet har vorte noko redusert.

Figur 3 BOA per institutt etter finansieringskjelde 2014



Figur 3 viser bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet 2014 fordelt per institutt. Figuren viser at det i 2014 har vore størst samla aktivitet ved Institutt for geovitenskap. NFR-bidragsaktivitet har vore størst ved Institutt for fysikk for teknologi, medan annan bidragsaktivitet har vore klart størst ved Institutt for geovitenskap. EU-bidragsaktivitet har vore størst ved Geofysisk institutt, og oppdragsaktivitet har vore størst ved Institutt for biologi.

3.1 Noregs forskingsråd

Denne aktiviteten omfattar prosjekt som er finansiert av Noregs forskingsråd, og der aktiviteten føregår ved Universitetet i Bergen. Den omfattar ikkje aktivitet som føregår ved andre institusjonar (t.d. Universitetet i Oslo eller UNI Research AS).

Tabell 3 Aktivitet finansiert av Noregs forskingsråd

BOA Noregs forskingsråd	Inntektsprognose 2014	Årsbudsjett 2014	Rekneskap 2014	Avvik 2014	Avvik %	Rekneskap 2013 *	Endring frå 2013
Tilskudd fra NFR		-192 005 200	-196 421 569	4 416 369	2,3 %	-180 710 544	8,7 %
Saldo NFR overført fra forrige år		-28 566 700	-31 230 744	2 664 044	9,3 %	-2 057 212	1418,1 %
Saldo NFR overført til neste periode		35 571 900	11 279 967	24 291 933	-68,3 %	27 599 298	-59,1 %
Inntekter	-195 000 000	-185 000 000	-216 372 346	31 372 346	17,0 %	-155 168 458	39,4 %
Investeringar		0	0	0		0	
Lønskostnader		81 495 100	92 848 021	-11 352 921	-13,9 %	76 596 706	21,2 %
Andre driftskostnader		54 321 500	58 183 260	-3 861 760	-7,1 %	51 453 326	13,1 %
Internhandel med meir		49 183 400	65 341 066	-16 157 666	-32,9 %	28 109 595	132,5 %
Kostnader		185 000 000	216 372 346	-31 372 346	-17,0 %	156 159 627	38,6 %
Driftsresultat		0	0	0		991 169	

* Rekneskapen for 2013 vart noko justert etter rapportering, og tala brukt her skil seg derfor noko frå tala rapportert i fakultetsstyresak 4/14.

Detaljar rundt aktivitet finansiert av Noregs forskingsråd

Frå 2013 vart det innført nye reglar for rekneskapsføring av midlar frå Norges forskingsråd. Medan inntektene tidlegare var lik innbetalingar frå forskingsrådet, skal rekneskapsførte inntekter frå 2013 vere lik aktivitet. Inntektene frå forskingsrådet vert då rekneskapsført på same måte som EU, andre bidrag og oppdrag, dvs. tildelingane vert inntektsført først når aktiviteten skjer, og det vil difor vere ei tidsforskyvning mellom tildeling og inntekt.

I 2014 har samla NFR-bidragsaktivitet vore på ca. 216,4 millionar kroner. Dette er nesten 31,4 millionar kroner høgare enn budsjettet, og 21,4 millionar høgare enn fakultetet si siste prognose på 195 millionar kroner. Fakultetet har frå starten av året meldt om at tilslag på nasjonal infrastruktur seint i 2013 kunne gjere at inntektene frå NFR vart noko høgare enn budsjettet. Prognosen har gjennom året blitt nedjustert i to omgangar på grunn av forseinkingar på utstyrsprosjektet OBLO ved Geofysisk institutt og fordi Institutt for Geovitenskap meldte om at dei likevel ikkje venta at så mykje av aktiviteten knytt til innkjøp av nasjonal infrastruktur ville kome i 2014. At aktiviteten vart 21,4 millionar høgare enn siste prognose skuldast hovudsakeleg stor aktivitet på utstyrsprosjektet OBLO mot slutten av året. Fleire av institutta hadde også noko høgare aktivitet i desember enn prognosen per november tilsa. Dette gjeld spesielt Institutt for geovitenskap som i desember hadde ca. 5 millionar kroner høgare aktivitet enn forventa.

Aktivitet finansiert av forskingsrådet har i 2014 vore ca. 38,6 % høgare enn i 2013. Aukinga er hovudsakleg knytt til nasjonal infrastruktur ved Institutt for geovitenskap, men det har også vore auke ved fleire andre institutt, t.d. Geofysisk institutt der auken i stor grad skuldast aktivitet på utstyrsprosjektet OBLO. Det har vore noko aktivitet på fellesløfteprosjekta som vart tildelt tidleg i 2014. Tilsvarende ser vi at innbetalingane har auka frå 180,7 millionar kroner i 2013 til 196,4 millionar kroner i 2014.

Omtrent 21,3 millionar kroner av aktiviteten er knytt til innkjøp av nasjonal infrastruktur ved Institutt for geovitenskap. Vidare er ca. 13,2 millionar kroner kostnadsført på utstyrsprosjektet OBLO ved Geofysisk institutt.

Samtidig ser vi at fleire av dei store forskingsrådsprosjekta ved fakultetet, som SFF Birkelandsenteret, Elixir.no, SFI Lakselussenteret osv., har mange samarbeidspartnarar utanfor UiB. Innbetalingar og aktivitet knytt til desse partnerane vert ikkje synleg i rekneskapen til UiB. Gjennomstrøymingsmidlar innanfor forskingsrådsfinansiert aktivitet har auka, frå 40,6 millionar kroner i 2013, til 45,6 millionar kroner i 2014.

3.2 EU

Omfattar prosjekt som er finansiert av EU.

Tabell 4 Aktivitet som er finansiert av EU

BOA	Inntektsprognose	Årsbudsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik %	Rekneskap	Endring
EU	2014	2014	2014	2014		2013 *	2013
Tilskudd fra EU		-10 265 700	-24 966 404	12 726 928	124,0 %	-50 392 133	-50,5 %
Saldo EU overført fra forrige år		-37 276 100	-35 456 181	-1 819 919	-4,9 %	-10 793 460	228,5 %
Saldo EU overført til neste periode		22 541 800	29 748 605	-9 620 704	42,7 %	37 276 077	-20,2 %
Inntekter	-29 000 000	-25 000 000	-30 673 980	5 673 980	22,7 %	-23 909 516	28,3 %
Investeringar		0	0	0		0	
Lønskostnader		14 553 800	16 042 569	-1 488 769	-10,2 %	12 375 268	29,6 %
Andre driftskostnader		1 694 900	5 876 024	-4 181 124	-246,7 %	3 837 308	53,1 %
Internhandel med meir		8 751 300	8 755 387	-4 087	0,0 %	7 696 939	13,8 %
Kostnader		25 000 000	30 673 980	-5 673 980	-22,7 %	23 909 516	28,3 %
Driftsresultat		0	0	0		0	

* Rekneskapen for 2013 vart noko justert etter rapportering, og tala brukt her skil seg derfor noko frå tala rapportert i fakultetsstyresak 4/14.

Detaljar rundt aktivitet finansiert av EU

EU-aktiviteten har i 2014 vore ca. 30,7 millionar kroner, noko som utgjer ein auke på 28,3 % frå 2013. Dette er 5,7 millionar kroner høgare enn budsjettet og 1,7 millionar kroner høgare enn fakultetets siste prognose. Det er hovudsakeleg ved Geofysisk institutt og Institutt for informatikk at aktiviteten har vore høgare enn budsjettet.

Innbetalingane frå EU vart kraftig redusert frå 2011 til 2012, men i 2013 hadde fakultetet igjen ein tydeleg auke i innbetalingane. Innbetalingane i 2013 var unormalt høge, og nedgangen i 2014 var derfor venta. Fakultetet har gjennom året meldt at innbetalingane i 2014 vert tydeleg lågare. Innbetalingane i 2014 landa på ca. 25 millionar kroner noko som er 50,5 % lågare enn 2013, men heile 124 % meir enn budsjettet.

3.3 Annan bidragsaktivitet

Alle eksterne bidragsprosjekt som ikkje er finansiert av Noregs forskingsråd eller EU.

Tabell 5 Annan bidragsaktivitet

BOA	Inntektsprognose	Årsbudsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik %	Rekneskap	Endring
Andre bidrag	2014	2014	2014	2014		2013	2013
Diverse bidragsinntekter		-80 135 200	-99 435 013	19 299 813	24,1 %	-139 621 715	-28,8 %
Saldo overført fra forrige år		-50 121 600	-49 277 392	-844 208	-1,7 %	-19 676 320	150,4 %
Saldo overført til neste periode		30 256 800	44 455 298	-14 198 498	46,9 %	48 849 695	-9,0 %
Inntekter	-94 000 000	-100 000 000	-104 257 107	4 257 107	4,3 %	-110 448 340	-5,6 %
Investeringar		0	0	0		0	
Lønskostnader		35 929 300	36 087 987	-158 687	-0,4 %	37 323 889	-3,3 %
Andre driftskostnader		44 245 000	46 026 271	-1 781 271	-4,0 %	54 676 992	-15,8 %
Internhandel med meir		19 825 700	22 142 849	-2 317 149	-11,7 %	18 447 458	20,0 %
Kostnader		100 000 000	104 257 107	-4 257 107	-4,3 %	110 448 340	-5,6 %
Driftsresultat		0	0	0		0	

Detaljar rundt annan bidragsaktivitet

Annan bidragsaktivitet har i 2014 vore på 104,3 millionar kroner. Dette er ca. 4,3 % høgare enn budsjettet aktivitet på 100 millionar, og i overkant av 10 millionar kroner høgare enn siste prognose. I høve til 2013 er annan bidragsaktivitet redusert med 5,6 %.

Ein gjennomgang av prosjekta som er kategorisert under annan bidragsaktivitet viser at 44,3 millionar kroner vart finansiert frå privat næringsliv (Statoil, Bransjeforeningen norsk olje og gass, Lundin Norway etc.), 25,2 millionar kroner frå statlege etatar (Miljødirektoratet, NTNU, SiU etc.), 13,3 millionar frå stiftelsar (BFS, Meltzer etc.), ca. 4,7 frå organisasjonar

(NordForsk etc.), 4,6 frå utlandet (ESA etc.) og 3,3 millionar kroner er gåver som utløyser gåveforsterkningsmidlar (Kreftforeningen etc.), jf. tabell 6. Aktivitet finansiert av fakultetets to største finansieringskjelder innanfor andre bidrag, næringsliv/privat og statlege etatar, er tydeleg redusert frå 2013. Nedgangen i aktivitet finansiert av næringsliv/privat på ca. 15,9 millionar kroner skuldast hovudsakeleg reduksjon i aktivitet finansiert av Statoil ASA ved Institutt for geovitenskap. Aktivitet finansiert av statlege etatar er redusert med ca. 8,3 millionar og skuldast i stor grad lågare aktivitet finansiert av Oljedirektoratet ved Institutt for geovitenskap, men også lågare aktivitet finansiert av Norsk Polarinstitutt ved Geofysisk institutt.

Tabell 6 Annan bidragsaktivitet fordelt etter finansieringskjelde

Finansieringskilde	Kostnadsført i PA 2014
Næringsliv/privat	44 327 000
Statlige etater	25 179 000
Stiftelser	13 327 000
Organisasjoner	4 714 000
Annet Utland	4 552 000
Gaver som utløser gaveforsterkningsmidler	3 338 000
Gaveforsterkningsmidler	844 000
Kommunale og fylkeskommunale etater	707 000
Totalsum	96 988 000

Den største bidragsytaren som vert rekneskapsført som annan bidragsaktivitet er Statoil ASA. Ca. 20 % av annan bidragsaktivitet ved fakultetet vart i 2014 finansiert av Statoil ASA. Tabell 7 viser ei oversikt over bidragsytarar der aktiviteten i 2014 har vore over 2 millionar kroner.

Tabell 7 Annan bidragsaktivitet, kundar over 2 millionar kroner

Kunde	Total
Statoil ASA	19 204 000
Bergens Forskningsstiftelse	10 272 000
Bransjeforeningen norsk Olje og Gass	5 614 000
Miljødirektoratet	4 232 000
NordForsk	3 956 000
Statoil Petroleum AS	3 411 000
Senter for Internasjonalisering av høyere utdanning	3 053 000
Norges Tekniske Naturvitenskapelige Universitet	2 881 000
Kreftforeningen	2 872 000
Universitetet i Oslo	2 836 000
Lundin Norway AS	2 511 000
A/S norske Shell	2 467 000
ESA Financial Operations Department	2 313 000
Totalt	65 622 000

Samla innbetalingar til annan bidragsaktivitet i 2014 er i overkant av 99,4 millionar kroner. Dette er 28,8 % lågare enn i 2013. Reduksjonen finn vi i stor grad ved Institutt for geovitenskap, der innbetalingar frå næringsliv/privat er redusert med ca. 25,7 millionar kroner og innbetalingar frå statlege etatar med ca. 10,6 millionar kroner.

3.4 Oppdragsaktivitet

Tabell 8 Oppdragsaktivitet

BOA Oppdragsprosjekt	Inntektsprognose 2014	Årsbudsjett 2014	Rekneskap 2014	Avvik 2014	Avvik %	Rekneskap pr desember 2013	Endring frå desember 2013
Diverse oppdragsinntekter		-2 898 100	-4 668 789	1 770 689	61,1 %	-6 671 075	-30,0 %
Saldo overført fra forrige år		-4 363 600	-4 363 550	-50	0,0 %	-3 564 491	22,4 %
Saldo overført til neste periode		3 261 700	3 736 890	-475 190	14,6 %	4 363 550	-14,4 %
Inntekter	-5 000 000	-4 000 000	-5 295 449	1 295 449	32,4 %	-5 872 016	-9,8 %
Investeringar		0	0	0		0	
Lønskostnader		594 000	747 503	-153 503	-25,8 %	1 277 885	-41,5 %
Andre driftskostnader		3 170 000	2 627 190	542 810	17,1 %	3 580 114	-26,6 %
Internhandel med meir		236 000	1 920 756	-1 684 756	-713,9 %	1 014 018	89,4 %
Kostnader		4 000 000	5 295 449	-1 295 449	-32,4 %	5 872 016	-9,8 %
Driftsresultat		0	0	0		0	

Detaljar rundt oppdragsaktiviteten

Oppdragsaktiviteten ved fakultetet er låg. I 2014 har det vore oppdragsaktivitet på ca. 5,3 millionar kroner. Dette er ca. 1,3 millionar kroner høgare enn budsjettert, og ca. 0,3 millionar kroner høgare enn fakultetets siste prognose.

I høve til 2013 har det vore ein reduksjon i oppdragsaktiviteten på 9,8 %. Nedgangen skuldast at aktiviteten ved Institutt for biologi er redusert med ca. 2,1 millionar kroner til ca. 2,3 millionar kroner. At nedgangen for fakultetet sett under eitt ikkje er redusert meir skuldast at aktiviteten ved Geofysisk institutt har auka med ca. 1,6 millionar kroner.

4 Kommentar frå fakultetsdirektøren

Utgangspunktet for økonomiåret 2014 var betydeleg nedgang i resultatutteljing og rammekutt. Delvis vart dette handtert gjennom rammekutt ut til institutta, men mykje av støyten velde ein å ta på fakultetsnivået, og budsjetterte her med eit reelt underskot på i overkant av 12 millionar kroner. Fakultetet enda likevel samla sett berre med eit driftsunderskot på i underkant av 13 millionar kroner, og overfører dermed nesten 16 millionar kroner til 2015. Fakultetsnivået har derimot tydeleg driftsunderskot i 2015, og overfører eit underskot på ca. 8,5 millionar kroner til 2015. Underskotet har vore varsla gjennom året, og er resultatet av ein bevisst strategi der ein har vidarefordelt meir inntekter enn ein har fått inn, for å spreie effekten av resultatnedgangen i 2014 over fleire år. Ubalansen som i 2014 er bygd opp mellom fakultetsnivået og instituttnivået ser vi på som temporær. Det å jamne ut denne ubalansen er ein prioritet i 2015, og betydeleg betring i resultatutteljing i 2015-budsjettet skal gjere dette mogleg.

I starten av året sette vi prognosen til 5 millionar kroner i underskot. Dette på grunn av at vi visste at det på fakultetsnivået var budsjettert med tydeleg underskot, og at institutta både hadde fått vidareført det sentrale rammekuttet og fått ytterlegare kutt i sine rammer. Sidan vi har erfaring med at resultatet ofte vert betre mot slutten av året enn fyrst antatt, sette vi prognosen til eit lågare underskot enn budsjettert. Det at vi likevel ikkje var meir optimistiske skuldast at vi ikkje var sikre på korleis rammekutta ville slå ut på instituttnivået, og antok at rammekutta ikkje ville føre til ei umiddelbar nedjustering av aktiviteten. I august og september oppjusterte vi prognosen til hhv. 0 og 5 millionar kroner i overskot, basert på driftsunderskotet så langt og tilbagemeldingar frå institutta. Noko av det som lenge låg til grunn for prognosen var ei forventning om at kostnadane til drift av fartøy skulle bli tydeleg høgare enn budsjettert, basert på oppdatert budsjett frå HI. Når fakturaen per 3. tertial viste seg å vere tydeleg lågare enn venta, gjorde dette, saman med mindre forseinkingar, at vi oppjusterte vi prognosen til 10 millionar kroner. Når overføringane no er nesten 6 millionar kroner høgare enn prognosen, skuldast det i stor grad at Institutt for geovitenskap har høgare overføringar enn dei venta per november.

Overføringa til fakultetet utgjer 2,7 % av grunnbevilgninga. Sidan universitetsstyret har vedtatt at fakulteta berre får disponere 2 % fritt, har fakultetet med bakgrunn i forpliktingar i 2015 søkt om å få disponere heile overføringa frå 2014. Dette vert handsama av universitetsstyret på februarmøtet i 2015. Fakultetet vil kome tilbake med ei eiga sak om handtering av overføringane i fakultetsstyremøtet i mars.

Årsbudsjettet for BOA for 2014 var på 314 millionar kroner, og heilt frå budsjettet for 2014 vart lagt fram har fakultetet meldt om at tilslag på nasjonal infrastruktur seint i 2013 kunne gjere at inntektene frå NFR vart noko høgare enn budsjettert.

Rekneskapen viser at samla BOA-aktivitet har vore på 356,7 millionar kroner. Dette er 42,6 millionar høgare enn budsjettert og 33,6 millionar kroner høgare enn siste prognose. Det skuldast hovudsakeleg at NFR bidragsaktiviteten har vore høgare enn prognosen, men også for dei andre finansieringskjeldene har aktiviteten vore noko høgare enn budsjettert i 2014.

Etter tydeleg nedgang i BOA-aktivitet frå 2012 til 2013, har aktiviteten i 2014 vore ca. 61 millionar kroner høgare enn i 2013. Dette skuldast hovudsakeleg at NFR-bidragsaktiviteten har vore høgare enn i 2013, men også EU-bidragsaktiviteten har vore noko høgare. Mykje av auken i NFR-bidragsaktivitet er knytt til innkjøp av nasjonal infrastruktur ved Institutt for geovitenskap, og aktivitet på utstyrsprosjektet OBLO ved Geofysisk institutt.

Fakultetet har, som venta, tydeleg reduksjon i innbetalingar frå EU etter unormalt høge innbetalingar i 2013. NFR-innbetalingar har derimot auka noko. Reduksjonen i innbetalingar frå EU gjev tydeleg større utslag på resultatmidlane enn auke i innbetalingar frå NFR, og fakultetet ventar at dette vil gje seg utslag i redusert resultatutteljing i 2016.

5 Forslag til vedtak

Fakultetsstyret vedtok samla å godkjenne rekneskapet for 2014.

Bergen, 30.1.2015

Bjørn Åge Tømmerås
fakultetsdirektør

Vedlegg: Budsjett og rekneskap for 2014 pr. institutt

Grunnbevilgning, budsjett og rekneskap 2014

Ansvarsstad	Artsklasse	Årsbudsjett 2014	Rekneskap 2014	Avvik 2014
MN-felles	3 inntekter	-42 099 300	-60 269 595	18 170 295
	4 varek.	-7 764 000	0	-7 764 000
	5 lønn	6 590 800	6 688 532	-97 732
	6-7 adk.	34 568 094	36 193 463	-1 625 369
	8-9 annet	20 960 600	31 788 382	-10 827 782
	890 overf.	-12 256 194	8 617 763	-20 873 957
Totalt MN-felles		0	23 018 546	-23 018 546
Fakultetsadministrasjonen	3 inntekter	-20 052 400	-19 986 776	-65 624
	4 varek.	0	0	0
	5 lønn	16 444 000	17 149 082	-705 082
	6-7 adk.	1 597 400	2 130 654	-533 254
	8-9 annet	2 011 000	2 205 409	-194 409
Totalt Fakultetsadministrasjonen		0	1 498 368	-1 498 368
Matematisk institutt	3 inntekter	-50 360 400	-49 221 836	-1 138 564
	4 varek.	300 000	0	300 000
	5 lønn	37 157 100	39 078 356	-1 921 256
	6-7 adk.	8 104 700	8 270 848	-166 148
	8-9 annet	4 992 900	3 348 074	1 644 827
	890 overf.	-194 300	-194 300	0
Totalt Matematisk institutt		0	1 281 141	-1 281 141
Institutt for informatikk	3 inntekter	-67 293 400	-63 140 858	-4 152 542
	4 varek.	650 000	0	650 000
	5 lønn	48 719 500	45 343 158	3 376 342
	6-7 adk.	24 134 100	11 605 849	12 528 251
	8-9 annet	1 001 400	1 769 334	-767 934
	890 overf.	-7 211 600	-7 211 600	0
Totalt Institutt for informatikk		0	-11 634 118	11 634 118
Institutt for fysikk og teknologi	3 inntekter	-70 651 500	-71 219 444	567 944
	4 varek.	2 175 100	0	2 175 100
	5 lønn	51 787 500	54 491 686	-2 704 186
	6-7 adk.	15 798 000	10 586 931	5 211 069
	8-9 annet	4 229 000	2 412 134	1 816 866
	890 overf.	-3 338 100	-3 338 100	0
Totalt Institutt for fysikk og teknologi		0	-7 066 793	7 066 793
Kjemisk institutt	3 inntekter	-60 873 000	-59 928 463	-944 537
	4 varek.	1 950 000	0	1 950 000
	5 lønn	45 318 500	46 738 276	-1 419 776
	6-7 adk.	1 891 300	7 408 036	-5 516 736
	8-9 annet	10 576 700	7 543 063	3 033 637
	890 overf.	1 136 500	1 136 500	0
Totalt Kjemisk institutt		0	2 897 412	-2 897 412
Molekylærbiologisk institutt	3 inntekter	-33 269 700	-35 573 884	2 304 184
	4 varek.	734 000	0	734 000
	5 lønn	27 542 000	27 286 752	255 248
	6-7 adk.	3 531 600	5 251 455	-1 719 855
	8-9 annet	3 325 000	3 380 652	-55 652
	890 overf.	-1 862 900	-1 862 900	0
Totalt Molekylærbiologisk institutt		0	-1 517 925	1 517 925
Geofysisk institutt	3 inntekter	-43 321 500	-29 641 100	-13 680 400
	4 varek.	1 200 000	0	1 200 000
	5 lønn	32 775 000	32 620 357	154 643
	6-7 adk.	12 325 600	8 870 794	3 454 806
	8-9 annet	5 382 600	-10 328 881	15 711 481
	890 overf.	-8 361 700	-8 361 700	0
Totalt Geofysisk institutt		0	-6 840 530	6 840 530
Institutt for geovitenskap	3 inntekter	-76 617 700	-56 319 789	-20 297 911
	4 varek.	1 320 000	0	1 320 000
	5 lønn	63 500 000	64 403 872	-903 872
	6-7 adk.	10 342 600	12 621 171	-2 278 571
	8-9 annet	-178 000	-23 762 949	23 584 949
	890 overf.	1 633 100	1 633 100	0
Totalt Institutt for geovitenskap		0	-1 424 594	1 424 594
Institutt for biologi	3 inntekter	-115 237 981	-118 202 265	2 964 284
	4 varek.	1 360 000	0	1 360 000
	5 lønn	97 395 700	98 169 316	-773 616
	6-7 adk.	12 194 781	13 945 630	-1 750 849
	8-9 annet	5 474 700	6 430 483	-955 783
	890 overf.	-1 187 200	-1 187 200	0
Totalt Institutt for biologi		0	-844 035	844 035
Senter for geobiologi	3 inntekter	-849 000	-844 639	-4 361
	4 varek.	0	0	0
	5 lønn	1 125 000	1 140 776	-15 776
	6-7 adk.	7 661 700	957 352	6 704 348
	8-9 annet	-6 253 000	891 591	-7 144 591
	890 overf.	-1 684 700	-1 684 700	0
Totalt Senter for geobiologi		0	460 381	-460 381
Senter for klimadynamikk	3 inntekter	-409 100	-558 970	149 870
	4 varek.	0	0	0
	5 lønn	7 040 700	8 777 524	-1 736 824
	6-7 adk.	26 137 000	19 023 766	7 113 234
	8-9 annet	-32 921 600	-27 311 016	-5 610 584
	890 overf.	153 000	153 000	0
Totalt Senter for klimadynamikk		0	84 303	-84 303
NIFES	3 inntekter	-1 874 000	-1 380 600	-493 400
	5 lønn	1 633 000	1 378 544	254 456
	6-7 adk.	123 000	0	123 000
	8-9 annet	118 000	89 900	28 100
Totalt NIFES		0	87 844	-87 844
Total sum		0	0	0

Norges forskingsråd, budsjett og rekneskap 2014

Ansvarsstad	Artsklasse	Årsbudsjett 2014	Rekneskap 2014	Avvik 2014
MN-felles	3 inntekter	48 651 100	0	48 651 100
	6-7 adk.	-60 773 500	0	-60 773 500
	8-9 annet	12 122 400	0	12 122 400
Totalt MN-felles		0	0	0
Matematisk institutt	3 inntekter	-11 676 900	-11 230 205	-446 695
	5 lønn	7 205 500	8 681 111	-1 475 611
	6-7 adk.	1 400 000	1 877 987	-477 987
	8-9 annet	3 071 400	671 107	2 400 293
Totalt Matematisk institutt		0	0	0
Institutt for informatikk	3 inntekter	-13 690 400	-18 375 614	4 685 214
	5 lønn	5 994 200	8 057 711	-2 063 511
	6-7 adk.	2 684 000	7 918 100	-5 234 100
	8-9 annet	5 012 200	2 399 803	2 612 397
Totalt Institutt for informatikk		0	0	0
Institutt for fysikk og teknologi	3 inntekter	-43 106 000	-45 990 266	2 884 266
	5 lønn	20 289 000	23 708 349	-3 419 349
	6-7 adk.	14 000 000	11 569 749	2 430 251
	8-9 annet	8 817 000	10 712 168	-1 895 168
Totalt Institutt for fysikk og teknologi		0	0	0
Kjemisk institutt	3 inntekter	-10 870 400	-11 762 055	891 655
	5 lønn	5 982 400	6 220 452	-238 052
	6-7 adk.	2 185 000	2 982 940	-797 940
	8-9 annet	2 703 000	2 558 662	144 338
Totalt Kjemisk institutt		0	0	0
Molekylærbiologisk institutt	3 inntekter	-2 819 500	-3 904 669	1 085 169
	5 lønn	3 063 000	3 788 796	-725 796
	6-7 adk.	830 000	804 620	25 380
	8-9 annet	-1 073 500	-688 747	-384 753
Totalt Molekylærbiologisk institutt		0	0	0
Geofysisk institutt	3 inntekter	-39 730 000	-34 070 160	-5 659 840
	4 varek.	0	0	0
	5 lønn	8 021 000	9 411 489	-1 390 489
	6-7 adk.	28 556 000	8 856 749	19 699 251
	8-9 annet	3 153 000	15 801 921	-12 648 921
Totalt Geofysisk institutt		0	0	0
Institutt for geovitenskap	3 inntekter	-68 000 000	-41 135 207	-26 864 793
	5 lønn	10 000 000	10 552 880	-552 880
	6-7 adk.	54 340 000	6 199 379	48 140 621
	8-9 annet	3 660 000	24 382 948	-20 722 948
Totalt Institutt for geovitenskap		0	0	0
Institutt for biologi	3 inntekter	-39 354 900	-41 942 228	2 587 328
	5 lønn	19 609 000	21 351 438	-1 742 438
	6-7 adk.	8 500 000	8 723 233	-223 233
	8-9 annet	11 245 900	11 867 557	-621 657
Totalt Institutt for biologi		0	0	0
Senter for geobiologi	3 inntekter	-4 403 000	-7 961 942	3 558 942
	5 lønn	1 331 000	1 075 794	255 206
	6-7 adk.	2 600 000	9 250 502	-6 650 502
	8-9 annet	472 000	-2 364 354	2 836 354
Totalt Senter for geobiologi		0	0	0
Total sum		0	0	0

Andre bidrag, budsjett og rekneskap 2014

Ansvarsstad	Artsklasse	Årsbudsjett 2014	Rekneskap 2014	Avvik 2014
MN-felles	3 inntekter	-3 362 800	-1 696 664	-1 666 136
	5 lønn	1 748 200	1 620 912	127 288
	6-7 adk.	953 600	423 468	530 132
	8-9 annet	661 000	-347 717	1 008 717
Totalt MN-felles		0	0	0
Matematisk institutt	3 inntekter	-700 000	-5 591 034	4 891 034
	5 lønn	0	1 362 278	-1 362 278
	6-7 adk.	700 000	3 321 574	-2 621 574
	8-9 annet	0	907 181	-907 181
Totalt Matematisk institutt		0	0	0
Institutt for informatikk	3 inntekter	-2 279 300	-4 361 078	2 081 778
	5 lønn	1 768 200	1 894 432	-126 232
	6-7 adk.	353 500	1 335 494	-981 994
	8-9 annet	157 600	1 131 151	-973 551
Totalt Institutt for informatikk		0	0	0
Institutt for fysikk og teknologi	3 inntekter	-13 281 200	-14 443 602	1 162 402
	5 lønn	4 521 000	4 780 524	-259 524
	6-7 adk.	5 344 200	7 629 040	-2 284 840
	8-9 annet	3 416 000	2 034 038	1 381 962
Totalt Institutt for fysikk og teknologi		0	0	0
Kjemisk institutt	3 inntekter	-2 213 300	-2 668 151	454 851
	5 lønn	584 300	745 899	-161 599
	6-7 adk.	310 000	274 188	35 812
	8-9 annet	1 319 000	1 648 064	-329 064
Totalt Kjemisk institutt		0	0	0
Molekylærbiologisk institutt	3 inntekter	-12 432 000	-7 553 197	-4 878 803
	5 lønn	5 930 000	5 658 726	271 274
	6-7 adk.	5 336 800	1 014 951	4 321 849
	8-9 annet	1 165 200	879 520	285 680
Totalt Molekylærbiologisk institutt		0	0	0
Geofysisk institutt	3 inntekter	-13 075 800	-6 634 166	-6 441 634
	5 lønn	1 446 000	1 583 673	-137 673
	6-7 adk.	11 542 300	5 047 300	6 495 000
	8-9 annet	87 500	3 193	84 307
Totalt Geofysisk institutt		0	0	0
Institutt for geovitenskap	3 inntekter	-41 000 000	-48 340 966	7 340 966
	5 lønn	16 900 000	14 055 711	2 844 289
	6-7 adk.	15 600 000	22 100 614	-6 500 614
	8-9 annet	8 500 000	12 184 640	-3 684 640
Totalt Institutt for geovitenskap		0	0	0
Institutt for biologi	3 inntekter	-11 655 600	-12 953 251	1 297 651
	5 lønn	3 031 600	4 338 911	-1 307 311
	6-7 adk.	4 104 600	4 864 641	-760 041
	8-9 annet	4 519 400	3 749 698	769 702
Totalt Institutt for biologi		0	0	0
Senter for geobiologi	5 lønn	0	46 920	-46 920
	8-9 annet	0	-46 920	46 920
Totalt Senter for geobiologi		0	0	0
Senter for klimadynamikk	3 inntekter	0	-15 000	15 000
	6-7 adk.	0	15 000	-15 000
Totalt Senter for klimadynamikk		0	0	0
Totalt		0	0	0

EU, budsjett og rekneskap 2014

Ansvarsstad	Artsklasse	Årsbudsjett 2014	Rekneskap 2014	Avvik 2014
MN-felles	3 inntekter	4 315 600	0	4 315 600
	6-7 adk.	-4 315 600	0	-4 315 600
Totalt MN-felles		0	0	0
Matematisk institutt	3 inntekter	0	-483 884	483 884
	5 lønn	0	305 027	-305 027
	6-7 adk.	0	96 421	-96 421
	8-9 annet	0	82 437	-82 437
Totalt Matematisk institutt		0	0	0
Institutt for informatikk	3 inntekter	-6 385 500	-6 397 080	11 580
	5 lønn	4 475 900	3 818 658	657 242
	6-7 adk.	235 000	812 221	-577 221
	8-9 annet	1 674 600	1 766 200	-91 600
Totalt Institutt for informatikk		0	0	0
Institutt for fysikk og teknologi	3 inntekter	-3 000 000	-3 436 381	436 381
	5 lønn	778 000	1 731 940	-953 940
	6-7 adk.	1 227 000	1 436 227	-209 227
	8-9 annet	995 000	268 214	726 786
Totalt Institutt for fysikk og teknologi		0	0	0
Kjemisk institutt	3 inntekter	-1 571 000	-2 096 736	525 736
	5 lønn	1 229 000	1 472 047	-243 047
	6-7 adk.	290 000	412 002	-122 002
	8-9 annet	52 000	212 687	-160 687
Totalt Kjemisk institutt		0	0	0
Molekylærbiologisk institutt	3 inntekter	-250 000	68 849	-318 849
	5 lønn	153 000	7 643	145 357
	6-7 adk.	97 000	54 767	42 233
	8-9 annet	0	-131 259	131 259
Totalt Molekylærbiologisk institutt		0	0	0
Geofysisk institutt	3 inntekter	-7 293 400	-9 497 203	2 203 803
	5 lønn	4 264 400	4 745 581	-481 181
	6-7 adk.	1 041 500	978 348	63 152
	8-9 annet	1 987 500	3 773 274	-1 785 774
Totalt Geofysisk institutt		0	0	0
Institutt for geovitenskap	3 inntekter	-4 000 000	-4 401 812	401 812
	5 lønn	1 780 000	2 607 758	-827 758
	6-7 adk.	1 370 000	869 944	500 056
	8-9 annet	850 000	924 111	-74 111
Totalt Institutt for geovitenskap		0	0	0
Institutt for biologi	3 inntekter	-6 815 700	-4 429 734	-2 385 966
	5 lønn	1 873 500	1 353 916	519 584
	6-7 adk.	1 750 000	1 216 095	533 905
	8-9 annet	3 192 200	1 859 723	1 332 477
Totalt Institutt for biologi		0	0	0
Senter for geobiologi	5 lønn	0	0	0
Totalt Senter for geobiologi		0	0	0
Totalt		0	0	0

Oppdrag, budsjett og rekneskap 2014

Ansvarsstad	Artsklasse	Årsbudsjett 2014	Rekneskap 2014	Avvik 2014
MN-felles	3 inntekter	1 760 400	0	1 760 400
	6-7 adk.	-1 760 400	0	-1 760 400
Totalt MN-felles		0	0	0
Institutt for informatikk	3 inntekter	0	-15 860	15 860
	6-7 adk.	0	15 860	-15 860
Totalt Institutt for informatikk		0	0	0
Institutt for fysikk og teknologi	3 inntekter	-1 190 000	-1 113 212	-76 788
	5 lønn	566 000	593 334	-27 334
	6-7 adk.	400 000	315 258	84 742
	8-9 annet	224 000	204 621	19 379
Totalt Institutt for fysikk og teknologi		0	0	0
Molekylærbiologisk institutt	3 inntekter	-225 000	-173 070	-51 930
	6-7 adk.	225 000	152 264	72 736
	8-9 annet	0	20 806	-20 806
Totalt Molekylærbiologisk institutt		0	0	0
Geofysisk institutt	3 inntekter	-1 305 400	-1 642 016	336 616
	5 lønn	0	4 982	-4 982
	6-7 adk.	1 305 400	34 558	1 270 842
	8-9 annet	0	1 602 477	-1 602 477
Totalt Geofysisk institutt		0	0	0
Institutt for geovitenskap	3 inntekter	0	-40 016	40 016
	5 lønn	0	30 573	-30 573
	6-7 adk.	0	-2 786	2 786
	8-9 annet	0	12 229	-12 229
Totalt Institutt for geovitenskap		0	0	0
Institutt for biologi	3 inntekter	-3 040 000	-2 311 274	-728 726
	5 lønn	28 000	118 614	-90 614
	6-7 adk.	3 000 000	2 112 037	887 963
	8-9 annet	12 000	80 623	-68 623
Totalt Institutt for biologi		0	0	0
Totalt		0	0	0